

Frå samlingane ved Valdres Folkemuseum 11. Røynisfela

Av Ingar Ranheim m fl

Det store såret i saga om Valdres Folkemuseum har vore brannen i 1965, og særleg felesamlinga som gjekk opp i røyk den gongen.*) Her var dei mest kjende, namngjevne felene frå Valdres, som Garlistuten, Børka og Belgja.

Om tapet var sårt her heime, var det ikkje mindre sårt for Jøger Quale i Amerika, som hadde køyrt i mile- og dagasvis for å spore opp og finne att felene. Han leverte dei heim til Valdres og Valdres Folkemuseum, – og så brann dei opp alle saman.

Men han hadde halde att ei: Fela etter Tøstein Røyne og Gølik Teigstol. Fela er omtala som Røynisfela eller Teigstolfela, og er ei Trondefela som fleire av dei som brann. Ei «Trondefele» er ei hardingfele laga av den fyrste vidkjende hardingfelemakaren, Trond Isaksson Flatabø (1713–1772) frå Botnen i Hardanger. Røynisfela er datert i 1756.

Storspelemannen og sylvsmeden Tøstein Knutsson Røyne (1765–1830) kjøpte fela i 1780-åra av ein gardbrukar han arbeidde for i Sør Aurdal. Det vart forlangt 24 riksdalar, noko Røynin la fram på bordet kontant. Det tilsvare verdien av 4–6 kyr i Sør Aurdal på den tida, så det var ei gjæv fele!




Neste eigar av fela vart Gølik Eiker-

bakke, som i sin tur selde henne til spelemannen Gølik Teigstol (1807–1881) i Vestre Slidre. Av religiøse grunnar vart fela seld, og kjøpar denne gongen var den mest kjende av dei eldre felemakarane i Valdres, Tøstein Nilsson Belgji, fødd 1781, frå Ulnes (brorson til Tøstein Knutsson på Røyne). Teigstolen skal etterpå ha sagt at «det gjikk an å låte på fele mæ då, nør 'n hadde noko slekt so Røynisfela».

Tøstein Nilsson selde fela til Voss, men angra på salet. Han laga ei ny fele som han brukte til å byte til seg att Røynisfela med.

Sonen Nils Tøsteinsson tok med fela over til Amerika i 1870. Han døydde omkring 1908. Jøger Quale tok til å etterlyse fela i 1920-åra, og Ola Uppheim, som då var ny formann i Valdres Samband, hjelpte til. Han skreiv til døtrene til Nils, og fekk svar frå ein etterkomar om at bae var døde. Men Jøger var på sporet, tok med seg Thorvald, sonen sin på 8 år, og oppsøkte slektningane. Fela kom fram. Ho hadde lege med skrin under låvegolv i fleire år, etter at ein omstrefar hadde stole ho og brote opp skrinet, men funne innhaldet lite interessant å ta med. Difor hadde han stukke fela inn under låvegolv. Fela kom fram att tilfeldig under arbeid med låven.

Jøger fekk med seg fela. Han reparerte



henne og fekk etter kvart kjøpt ho. Då han gav Garlistuten og dei andre gamle felene tilbake til Valdres, heldt han att Røynisfela. Sonen Thorwald tok vare på ho til han døydde i 1998. Det var då fleire som tok til å arbeide for å få fela til Valdres att. Det vart gjort slike forsøk før, men då var såra etter brannen for ferske. Gamle Jøger skal ein gong ha svara slik på eit spørsmål frå museumsstyrar Gunnar Rudi: «Skal Røynisfela brenne, kan e brenne ho sjøl!»

No var det enkja etter Thorwald, Mildred, som åtte fela, og det kom meldingar om at ho kunne tenkje seg å selja fela. Det vart då sett i gang ein innsamlingsaksjon i Valdres, med sikte på å få samla inn 30–40 tusen kroner for å by på fela.

Det var som nemnt fleire som arbeidde for å få fela til Valdres, men kontakten vart etter kvart konsentrert gjennom Ola og Sigrud Olga Hjelle i Vestre Slidre, til Randi Johansen, syster hennar Sigrud Olga, i Amerika. Randi hadde god kontakt med

Mildred, og mange var spente på å høyre svaret då ho bar fram bodet på Røynisfela. Svaret var over all forventning: «Dei skal få fela», hadde Mildred svara.

Randi Johansen fekk med seg fela då ho kom hit på 100-årsjubileet til Valdres Samband i 1999, og fela vart overrekk til Valdres Folkemuseum. Dei innsamla pengane vart brukte til å laga ein brukskopi, bygd av felemakar Knut Opheimsbakken på Valdres Folkemuseum. Denne kopien vart overrekk Valdres Samband på 100-årsjubileet. Bruken av fela skal bestemmast i samarbeid med The Hardanger Fiddle Association of America.

Same Knut Opheimsbakken sette også Røynisfela forsiktig i spelbar stand, og den fyrste som fekk høyre ho att, var Mildred Quale, som fekk ein lått som helsing gjennom telefonen.

Under museet sitt jubileum no i år har fela stått utstilt i hovudmonteren i utstillingshallen, som eit plaster på såret i hundreårssoga om Valdres Folkemuseum.

*) Sjå fargefoto s. 114.